

## Elevrådsmøte 29.09.15

Publisert 29. september 2015 av Torsvik, Geir K

---

### 1. Operasjon Dagsverk

Det vart presentert for elevrådet at samarbeidet med Litauen og barneheimen er avslutta. Elevrådet var positivt innstilt til Operasjon Dagsverk. Kvar representant i klassen får som oppdrag i å informere klassen om årets innsamlingsaksjon og vise ein video på 15 minutt som ligg på heimesida til Operasjon Dagsverk. Årets OD-prosjekt går til Amnesty International Norges arbeid for seksuelle og reproduktive rettigheter i Chile, Peru og Argenitna.

Underteikna legg fram ei stikkordsliste (mal) for kva elevrådsrepresentantane bør legge fram for klassane i forkant av aksjonen.

### 2. Bruk av økonomiske midlar

Kun ein klasse (10B) hadde hatt klasserådsmøte. Dette bør alle klassane gjennomføre før neste elevrådsmøte. Elevrådet er positivt innstilt med å bidra økonomisk til skidag. Elles er det forslag om å kjøpe inn fleire manualar til gymmen. Eit anna forslag var å kjøpe inn eit airhockeybord.

### 3. Andre forslag

Klassane vil gjerne forandre på bade/gympraksisen. Ein vil gjerne ha dobbeltime i bading istadenfor ha ein time bading og ein time gym.

Ein annan sak som blei diskutert var avspasering. Elevane følte seg snytt for ein lova avspasering som dei ikkje fekk. 50-års jubileum og mot-samling på kvelden.

Det vart også drøfta om mobilforbodet fungerte. Dei fleste synes forbodet skilir ut og at det er forskjellsbehandling alt etter kva lærar som er på vakt. Nokre tillet meir enn andre.

Alle representantane var tilstades.

Ref: Geir Torsvik